

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 08.06.2021

Arkivsaksnr.: 21/3320-2

Saksnr.: 31/21

Saksprotokoll - Planstrategi for Sogndal kommune 2021-2024

Handsaming:

Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Planstrategien for Sogndal kommune 2021-2024 vert vedteken slik han ligg føre, jf. pbl. § 10-1.

Endringsframlegg:

Plan og forvaltningsutvalet la fram endringsforslag til prioriterte planar:

1. Områdeplan for Hermansverk vert flytta med oppstart 1. halvår 2022.
2. Områdeplan for Kaupanger vert flytta fram med oppstart 2. halvdel 2022
3. Detaljplan for Henjabakkane bustadområde vert teke inn att i planstrategien. Planlagt oppstart 1. halvdel av 2023.
4. Detaljplan for Kvåle skule og fleirbruk- og basishall vert teke inn i planstrategien. Planlagt oppstart 2. halvdel 2022.

Avrøysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Planstrategien for Sogndal kommune 2021-2024 vert vedteken slik han ligg føre, jf. pbl. § 10-1 med desse endringane:

1. Områdeplan for Hermansverk vert flytta med oppstart 1. halvår 2022.
2. Områdeplan for Kaupanger vert flytta fram med oppstart 2. halvdel 2022
3. Detaljplan for Henjabakkane bustadområde vert teke inn att i planstrategien. Oppstart 1. halvdel av 2023.
4. Detaljplan for Kvåle vert teke inn i planstrategien. Arbeidet startar opp 2. halvdel 2022.



Sogndal
kommune